

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 22. mars 2019 11:16  
**Til:** 'Johann Roppen'  
**Emne:** VS: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 11/2019, 15. MARS

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 11/2019, 15. MARS

(PS! Nyhendebrevet fekk feil nummerering – det vart sendt ut som nr 10, men er altså retta her).

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no). Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

---

### ALLMØTE OM STUDIEBAROMETERET

Resultata vert no drøfta både i administrasjon og i fagmiljøa. På allmøte om Studiebarometeret 2017-2018 fredag 8. mars møtte det opp ca 30 tilsette og studentar. Allmøtet handla om tiltaka som vart vedtatt å sette i verk i fjor og korleis vi ligg an der. Alle tiltaka er framleis ikkje heilt gjennomført og må innarbeidast i dei daglege rutinene og årshjula - så tiltakslista blir ikkje endra førebels. Nokre stikkord frå tema som kom opp på allmøtet:

- Er det samanheng mellom studentanes tidsbruk og kor nøgde dei er?
- Det er bra med auka fokus på kvalitetsutval - og at det kjem tidleg i semesteret.
- Studentane skal høyrast og må få svar på spørsmål i kvalitetsutvala - evt i neste møte
- Studieadministrasjonen har laga ein powerpoint som syner korleis kvalitetssystemet skal virke - de bør bli betre kjent.
- Kvalitetssystemet må også få ein engelsk versjon for internasjonale studentar
- Studentparlamentet rapporterer om veldig ulik oppfatning om det har gått ut tilbod til utdanningsamtalar til alle studentar på alle program.
- Malen for innhaldet i utdanningsamtalar omhandlar svært mange spørsmål - det er viktig at den ikkje blir oppfatta som ei sjekkliste men at samtalen handlar om det er som er viktig i den aktuelle studiesituasjonen.
- Nytt system for registrering av oppmøte på obligatorisk undervisning er på veg - det er framleis eit problem at det ikkje finst standardssystem i sektoren. BLU har gjennomført eit utviklingsprosjekt som ser ut til å ha blitt ei bra løysing, men det kan hende den blir for dyr som ei fast ordning.

Her er styresaka der tiltaka for oppfølging av Studiebarometeret 2017 vart drøfta:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/250725?agendaltemId=202648>

### STUDIEBAROMETERET (2): TID TIL Å STUDERE? (BLOGGINNLEGG)

Voldastudentane har dei siste fire åra oppgitt dei studerer knapt 30 timar pr veke - som gjennomsnitt for alle studentar, og med variasjon mellom studieprogramma. Er det mykje eller lite?

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/03/15/tid-til-a-studere/>

### TEATER OG DRAMA-STUDENTAR PRAKTISERTE MUSEUMSFORMIDLING

Tredjeklassingar på Øyra skule var publikum då studentar på teater og drama øvde seg på formidling i Volda Bygdetun og elevane fekk blant anna oppleve skattejakt og eventyrkonkurranse.

<https://www.hivolda.no/kulturfag/overnaturleg-bra-omvising>

### FØRSTE BACHELORSTUDIUM PÅ NETT: HISTORIE BLEI HISTORISK

Historisk institutt ved Høgskulen i Volda med ny milepæl i satsinga på nettstudium når dei no snart kan tilby studentar å ta ein full bachelor på nett. – Vi må tilby studieløp som kan passe flest mogleg, seier instituttleiar førsteamanuensis, Ola Teige. Det nye studiet vart godkjent av høgskulestyret i møtet 7. mars.

<https://www.hivolda.no/nyhende/forste-bachelorprogram-pa-nett-godkjent-ved-hogskulen-volda>

**PÅMINNING: FRIST FOR SAMANDRAG (ABSTRACT) TIL FJORDKONFERANSEN ER 15. MARS 2019**

Fristen for innsending av samandrag (abstract) til innlegg på Fjordkonferansen 2019 er 15. mars 2019. Tema for konferansen er digitalisering. Høgskulen i Volda har teke på seg ansvaret for administrativ samordning av Fjordkonferansen for dei neste fire åra, i samarbeid med Høgskolen i Molde, NTNU i Ålesund og Høgskulen på Vestlandet. Nettsidene til Fjordkonferansen: [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

#### **FOU-PRIS FOR 2019: KOM MED FRAMLEGG INNAN 15. APRIL**

Alle tilsette har vorte inviterte til å foreslå kandidatar til Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2019. Frist for å kome med framlegg er 15. april 2019. Namn og grunngjeving på kandidat til prisen vert sendt til: [forskingsadministrasjonen@hivolda.no](mailto:forskingsadministrasjonen@hivolda.no). Både einskildpersonar og fagmiljø kan få prisen. Prisen er på kr. 30.000 til einskildperson og kr. 50.000 til fagmiljø. Prisen vil bli delt ut under Forskingsdagane i september 2019. Her er meir informasjon om FoU-prisen for Høgskulen i Volda, inkludert tidlegare prisvinnarar: <https://www.hivolda.no/forskning/fou-pris>

#### **FRÅ TELNOR TIL TELIA**

Høgskulen har skifta frå Telenor til Telia for tilsette som har mobilabonnement betalt av høgskulen. Det er ca 20 tilsette som har mobilavtale.

#### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

17.3.2019: Symfoniorkesteret: Cinemagi. <https://www.hivolda.no/varkonsert-cinemagi>  
21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH  
28.3.2018: Disputas, Noregs musikkhøgskole, Øyvind Eiksund  
29.3.2019: Etablering av Campusutviklingsforum i Volda  
3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>  
10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>  
23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF  
2.5.2019: Styremøte nr 2/2019  
17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>  
24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya  
7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda  
13.6.2019: Styremøte nr 3/2019  
17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>  
19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)  
20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)  
17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar  
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020  
18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

#### **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media: [https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

#### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

#### **REKTORBLOGGEN**

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

#### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>